



ALVER
KOMMUNE

Bjarne Langeland
Sagstadvegen 96
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/4313 - 21/28597

Saksbehandlar:
Kaia Marie Amland
kaia.marie.amland@alver.kommune.no

Dato:
28.04.2021

Orientering om plan under arbeid


Områderegulering av Langelandskogen planid. 4637 2017-0004 starta opp i 2017. Områdeplanen legg hovudsakleg opp til bustadar og tenesteyting. Gode forbindingar for gåande og syklande til Frekhaug sentrum er vektlagt. Dykkar eigedom er foreslått regulert til gatetun og offentleg eller privat tenesteyting. Gatetunet vil vere ein turallmenning for gåande og syklande som bind Frekhaug sentrum, tenesteyting i Langelandskogen og friområdet Storeknappen saman. Den vil tilretteleggast med aktivitetsområde og fungere som møteplass. Arealet for offentleg eller privat tenesteyting opnar for barnehage, skule, fleirbrukshall, forsamlingslokale (f.d. kyrkje, kulturhus) og omsorgsbustadar – konkret funksjon blir bestemt i detaljregulering.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no


Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922



Figur 1 Utklipp frå utkast til plankart for Områdeplan Langelandskogen. Dykkar eigedom er utheva med raud, tjukk strek

**Områdeplan Langelandskogen erstatter delar av Detaljregulering fv. 564
Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av fv. 244**

Eigedommen dykkar inngår i nyleg vedteken reguleringsplan for Frekhaugkrysset, Detaljregulering fv. 564 Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av fv. 244. I reguleringsplanen for Frekhaugkrysset er eigedommen regulert til kombinert føremål, bustad og offentleg eller privat tenesteyting. Det er sist vedtekne plan som gjeld. Ved vedtak av Områderegulering av Langelandskogen, vil denne gjelde for eigedommen dykkar.



Figur 2 Utklipp frå planregisteret i Nordhordlandskart som viser delar av reguleringsplan for Frekhaugkrysset inkl utbetring av FV. 244. Eigedommen er utheva med raud, tjukk strek

Kva skjer vidare? Områdeplanen nærmar seg innlevering til sakshandsaming hjå kommunen. Når planframlegget er handsama, sender administrasjonen ei innstilling til politisk utval areal, plan og miljø (APMU). Det er APMU som vedtek om den skal leggast ut på høyring og offentleg ettersyn. I høyringsperioden kan de og andre komme med innspel til planframlegget. Områdeplan for Langelandskogen har krav om detaljregulering før byggjeområda kan byggast ut.

Kva er ein områdereguleringsplan og ein detaljreguleringsplan? Det finst to typar reguleringsplanar: områderegulering og detaljregulering. Områderegulering blir til vanleg laga av kommunen og styrer utviklinga av eit større område. Detaljreguleringar kan bli laga av både kommunen og private utbyggarar og initiativtakarar, men ein må då forholde seg til dei overordna kommunale planane under planlegginga. Detaljreguleringar tek for seg mindre område eller enkelte tomter og gir ofte meir spesifikke føringar for kva som kan byggjast enn kva ein områderegulering gir.

Ved spørsmål og innspel til dette brevet, ta gjerne kontakt med underteiknande.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og analyse

Kristin Nåmdal

avdelingsleiar

Kaia
Marie
Amland
Rådgje
ar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjarte Langeland	Sagstadvegen 96	5919	FREKHAUG
Frank Rune Dale	Sagstadvegen 67	5919	FREKHAUG
Helge Frode Langeland	Håstølen 28	5918	FREKHAUG
Ingrid Bøe Myking	Bustølvegen 7	5919	FREKHAUG
Ivar Øvretvedt	Bustølvegen 34	5919	FREKHAUG
Jakob Langeland Hernar	Sagstadvegen 19	5919	FREKHAUG
Jannecke Michelsen Langeland	Sagstadvegen 47 A	5919	FREKHAUG
Jorun Margrethe Espetvedt	Bustølvegen 62	5919	FREKHAUG
Knut Arild Langeland	Sagstadvegen 47 A	5919	FREKHAUG
Olav Tore Fosse	Bustølvegen 40	5919	FREKHAUG
Randi Mjåtvedt	Sagstadvegen 39	5919	FREKHAUG
Tonny Andre Langeland	Bustølvegen 7	5919	FREKHAUG
Tore Mjåtvedt	Sagstadvegen 39	5919	FREKHAUG